

Restriksjonar mot koronasmitte

Oppdatert 17.03.20

Helsedirektoratet har vedteke omfattande tiltak for å hindra spreiring av Covid-19 (koronaviruset) og for å bidra til å oppretthalda nødvendige helse- og omsorgstenester. Bømlo kommune følg statlege vedtak, og har ikkje kommunale vedtak for innbyggjarane i tillegg.

Du finn oppdatert informasjon om gjeldande tiltak her:

<https://helsenorge.no/koronavirus>

Nytt koronavirus – fakta, råd og tiltak, rettleiar frå Folkehelseinstituttet:

<https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/>

Regjeringa si side om koronavirus (Covid-19):

<https://www.regjeringen.no/no/tema/helse-og-omsorg/innsikt/koronavirus/id2692388/>

I tillegg vil Bømlo kommune presisera følgjande:

Personleg hygiene

Alle som oppheld seg i Bømlo skal ivareta god og forsvarleg hand-, hoste- og nysehygiene. Handhelsing, klemming og annan nærkontakt skal avgrensast. Alle føresette og vaksne med ansvar for andre bør jamleg rettleia om personlege hygienetiltak.

Kommunale tenester

Mange kommunale tenester vert gjennomført i redusert omfang eller er stengde. For tenester som byggjer på vedtak, vert omfanget av tenestene avklart med dei det gjeld.

Stengde tenester:

- Bibliotek
- Symjehall
- Bømlo kulturhus
- Bømlo rådhus (berre telefonkontakt)
- Avlastingsbustad
- Fritidsklubbar
- Alle skular
- Venterom knytt til offentleg transport

Tenester med redusert omfang:

- Barne- og familietenesta
- Helsestasjon
- Legetenesta (alle kontor)
- Dagtilbod for ulike brukargrupper
- Hjelpemiddellager

Stengde skular og barnehagar

Skular og barnehagar er i utgangspunkt stengde. Dersom føresette har ein samfunnskritisk funksjon og ikkje kan ivareta barnet sitt tilsynsbehov eller barnet har særskilte omsorgsbehov, kan barnet likevel ha rett til opphald i barnehage/ skule. Dersom du ikkje greier å løysa tilsynsbehovet for ditt barn sjølv, ta kontakt med barnehage/ skule for nærare vurdering.

Trekantsambandet

Trekantsambandet er ope. Bømlo kommune oppmodar om at fritidsreiser vert avgrensa så langt som råd er.

Karantene

Innbyggjarar i Bømlo kommune skal leggja til rette for å kunna vera i karantene i eigen bustad. Dersom du er i karantene skal du ikkje ha nær kontakt med personar utanom eigen husstand. Du kan berre gå ut dersom du kan unngå nær kontakt med andre. Dette betyr at du ikkje kan gå på jobb eller butikk, gjennomføra lengre reiser, eller oppsøkjastader der større grupper med personar oppheld seg.

Isolering

Isolering tyder at personen oppheld seg i eigen heim eller annan eigna opphaldsstad. Personen skal vera isolert frå andre personar, og ikkje ha nær kontakt med personar i same husstand så langt det er mogeleg.

Arrangement

Bømlo kommune minner om at det er forbod mot gjennomføring av arrangement. Me oppmodar sterkt om at sosial omgang så langt som råd er vert avgrensa til eigen husstand.

Gravferd

Deltaking ved frammøte bør avgrensast til berre å omfatta den aller næraste familien.

Bryllaup

Vigsel vert gjennomført, men berre brudepar og forlovarar og den aller næraste familien er tillaten i kyrkja. Me minner om at sosial omgang så langt som råd er vert avgrensa til eigen husstand og at dette og gjeld bryllaupsfeiring.

Besøk til sårbare grupper

Det er forbod mot besøk på institusjonane i Bømlo. Dette gjeld Bømlo omsorgstun, Teiglandshagen og Bømlo bu- og helsesenter